



Tone Mjelde  
Mjelddalen 187  
5286 HAUS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1687 - 23/13354

Saksbehandlar:  
Kim Andre Vangberg  
kim.andre.vangberg@osteroy.kommune.no

Dato:  
09.06.2023

## Bekymring for fødselsomsorga i kommunen

Takk for dine innspel og store engasjement for svangerskapsomsorga. Først vil vi berre sei at vi har full forståing for at situasjonen kan opplevast utfordrande for gravide og kommande foreldre!

I forhold til fødselsforberedande kurs er dette noko me tilbyr alle førstegangsførelde i siste del av svangerskapet. Dette er ikkje noko kommunen plikter å gjere, men som Osterøy kommune har ønska å tilby. Dette tilbodet har utgått i fråvær av jordmor siste to månader. Kommunen skal sørge for at personar som oppheldt seg i kommunen, vert tilbyd nødvendige helse- og omsorgstenester. Kvinner har rett til oppfølging av jordmor og/eller lege i svangerskapet. I jordmor sitt fråvær har vi difor vore i tett dialog med fastlegetenesta for å sikre at alle vert ivarettatt.

Når det gjeld psykolog vil dei som har behov for det bli vurdert individuelt og eventuelt få oppfølging som følgje av denne kartlegginga.

Osterøy kommune har vore i dialog med andre kommunar om moglegheita for å kjøpe jordmorteneste i denne perioden. Grunna ein landsomfattande helsepersonellmangel vil ikkje dette la seg gjere på noverande tidspunkt.

Vi vil fortsette å gjere vårt beste for å levere gode tenester til barn, unge og deira familiar.

Med helsing

Kim Andre Vangberg  
tenesteleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Mottakar:**  
Tone Mjelde

Mjelddalen 187 5286

HAUS